

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Fylkesordføraren gjorde merksam på at siste setning i innstillinga punkt 1 var kome med ved ein inkurie. Setninga skal strykast.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Kollektivstrategien og Miljøstrategi for Skyss skal gje klare føringar for arbeidet med innføring av null- og lågutsleppsalternativ. Heilskapleg plan for arbeidet med ein nullutsleppsstrategi for kollektivtrafikken vert lagt fram for politisk handsaming.
2. Det skal leggest fram sak om strategiske vegval for bussanbod i Bergensområdet, for vedtak av mellom anna ambisjonsnivå og alternative løysingar for å oppnå betydeleg reduserte utslepp frå kollektivtrafikken.